

MØTEPROTOKOLL

Utval: Vik kyrkjelege fellesråd

Møtestad: Kyrkjestova i Vik

Møtedato: 11.11.2020

Start kl 13.00 - slutt 16.00

Til stades på møte: Leiv Eikeland, Endre Nese, Kari Haga, Karen Helene Bøhn Melhus, Laila Sunde, Rolf Arne Olsen og Roy Egil Stadheim.

Frå adm: Ingvar Vangsnes (kyrkjeverje)

Ord for dagen ved Karen Helen Bøhn.

Sak 38/20 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: Ingen merknader. Samrøystes.

Sak 39/20 Godkjenning av referat frå førre møte.

Roy Egil Stadheim frå kommunen tok opp vedtak i sak 33/20 og ynskte å gjera om vedtaket, som samrøystes vart vedteke på førre møte. Årsaka var økonomien til fellesrådet og kva signal dette ville gi til politikarane dersom vedtaket vart ståande. Fellesrådet røysta over om ein skulle ta saka oppatt og oppheve tidligare fatta vedtak

Vedtak: Vedteke med 6 røyster for og 1 røyst mot. Sjå sak 44/20.

Vedtak: Referat godkjent.

Sak 40/20 Prosjekt Feios kyrkje – slutført.

Riksantikvaren har godkjent prosjektet og tilskot på kr 300.000 er utbetalt til Vik kommune. Sluttsommen blei noko høgare enn søkt om grunna skade på spiret.

Vedtak: Fellesrådet tek framlagt rekneskap for prosjektet til etterretning.

Samrøystes.

Sak 41/20 Driftsekneskap pr dato.

Gjennomgang av kyrkjevevje. Pr. dato så reknar vi med at det ikkje blir meirforbruk utover budsjett. Det er alltid knytt spenning til korleis premien for pensjonen blir då det er aktuar som bereknar det.

Vedtak: Fellesrådet har ingen merknader til driftsrekneskapen og tek rekneskapen til etterretning.

Samrøystes.

Sak 42/ 20 Prioritering av vedlikehalds prosjekt.

Kyrkjevevja orienterte om kva vedlikehaldsprosjekt som står for tur og kva som ikkje er slutført.

Rapporten frå Stokk og Stein over alle kyrkjene er eit godt utgangspunkt for prioritering.

Dette blei prioritert på neste års budsjett.

- Ferdigmåling av kyrkjetårnet i Vik. NB! Lift er tinga til slutten av mai og målarfirma har teke nødvendig sertifikat. Takrenner og skifte av skiferheller må fiksast.
- Brannalarm Arnafjorden. Her har riksantikvaren løyvt midlar, men dette vil fellesrådet komma tilbake til. Soknerådet har ikkje behandla saka iflg. representanten frå Arnafjorden sokneråd.
- Vangsnes kyrkje. Ta nødvendig snikkararbeid og måling kan utførast på dugnad.

Ingen fleire prosjekt blei prioriterte for 2021.

Sak 43/20 Vegen vidare.

Kyrkjevevja sette opp denne saka grunna den økonomiske situasjonen til kommunen og varsla nedjustering av den kommunale ramma med kr 300.000,-. Dersom dette blir ein realitet vil det få bemanningsmessige konsekvensar.

Fellesrådet lukka denne saka. Kyrkjevevja var ikkje med på saka.

Vedtak: Fellesrådet v/leiar Leif Eikeland kallar inn alle tilsette i Vik kyrkjelege fellesråd til samtale onsdag 25. november kl 09.00 i kyrkjestova. Kyrkjevevja ordnar med mat frå VBS og møterom i kyrkjestova. Agenda for møte mellom fellesråd og tilsette vil vere:

Arbeidsmiljø

Økonomi

Oppgåver (kyrkjevevje sender ut stillingsinstruks)

Sak 44/20 Praktisering av innkreving av festeavgift.

Fellesrådet gjorde følgjande vedtak den 07.10.20 Vedtak: Vik kyrkjelege fellesråd endrar ikkje praksis angående handheving av festeavgifta. Viktig at det blir informert godt om gjeldande ordning og oppfordre alle som vil feste graver til å betale. Kan informerast i bladet «Helsing frå kyrkja» og i skriv til alle som får tilsendt tilbod om feste av grav.

Samrøystes.

Forslag til nytt vedtak frå Roy Egil Stadheim: « Kyrkjeverja vert instruert av fellesrådet til å setja i gang arbeid med innkreving av festeavgifter umiddelbart med mål om å få dette til frå 01.01.21. Vik kommune skal følgja lovverket på dette område.»

Vedteke med 6 røyster for og 1 mot.

Møte slutt.

